

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9. Lauving

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kvinnherad

Emne: Lauving

Bygdelag: Omvikdalen

Oppskr. av: Arne Skuland

Gard: Skuland, Landa, Bakka.

(adresse): Rommetveit.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eigi røynsle

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Alder 77 år, heimstad: Skuland.

## SVAR

1. No er det umlag slutt på lauingi. Det vantar arbeidsfolk. Lauv var rekna som hjelpefôr, ikkje berre i vår. I siste ver = denskrig vart det ikkje henta heim lau. Lauvingi slutta i 1890 åri - med fåe undantek kring 1900.
2. Ein logga bjørkelauv kring jansok. Askelar<sup>x</sup> og raunelauv i seinsumaren - millom slåtten og kornskurden og etter skurden, sist i sept. og fyrst i okt. månar.
3. Bjørkelauvet vart skore med sigd (lauvsigd) eller ljåsbrot og bunde i kjerve. Det var bjørker som var borkarivne og felle, ein logga lauokjerne av. At askelauv eller eikelauv vart rispa, hev nedskrivaren ikkje sett eller høyrst um; men almelauv er vorte rispa til blanding i grisemat. Noko å vara handi med hadde ein ikkje.
4. Bjørkelauvet vart teke av nedhogne tre, aske- og raune = lau vart pitla av roffaste tre, pitla med hand utan nokon reidskap. Dei greinene ein ikkje nådde til, brygde ein ned med ein brekerok. - Det fanst nokre styvde askar, almar og (versfåe) raunar på innmarki. Ein styvde deim etter visse åremål, etter som voksteren kunde vera, og gjorde seg nytte av lauvet. Dei vart styvde i litt høgare enn mannhøg. Alderen var etter som dei var voksterlege. Styvde tre med rik lauokarna var haldne av mykje verd.
5. Lauvet bar ein heim i teipor, sekkjer eller stakkar (stjorb), det som var pitla og raka saman. Lauvokjervi bar ein på askelauvet må pitlast fyre det tek til og "smatena". "Smatena" = felle dei små bladplatone frå den store midstilken. I okt. månad.

boratog på ryggen, heim til lóda eller utlóda med det same dei var kjerra. I lóda vart dei hengde til turking på bitar staureskukkar, king veggbandi o. s. v. for lóda var då-jon-soktider - tom for høg. Då innhøyingi tok til, vart kjervi plukka saman og lagde i lad eller stál på ein høveleg stad. Sjeldan hengde ei kjerve i tre, og tok dei då inn mot regn. Elles vart lauret turka i skugge. Kjervi vart lagde med stråttane fram (mot utsida av ladet) i ladet. - Askelaur kunde so ein hende gong verta raka inn saman med há, og var likesom raunelauret turka på bakken fyrr enn det vart teke inn. Lurlaur er ukjent. Laurkjerve kunde verta balde i tjug.

13. 7.<sup>D.</sup> Det vart teke laur både i innmark og utmark.

↓ Laurhentingi vart mykje gjord av kvinner og born.

6.<sup>I.</sup> Björkelaur vart bore på ryggen heim gjennom dei bratte lidane i Trinnherad, eller teke på kjelke i vinterføre heim frå utlódane. I mange fjordpollar i heradet kunde lauret, som høyet, verta ført heim på båt, der gongeregen er altfor ulendt. Laurdugnad ukjent. Um våren fyrr lauret var utsprotte svæga ein björkeris til drygsla for høgforet. So snart lauret spratt, tok ein ikkje riset av björk til för.

8. Laurt la' ein helst langs veggene i lóda. Geit og sau fekk lauret, gjerne eit kjerve eller tvo for dagen.

9. Askelaur og almelauro.

10. Svær svanfjere. Vert sankt i grise-strippet eller bytta.

11. Samlauring ukjent

12.-15. fell burt

B. Raksterlaur:

1, 2. Raksterlaur. Alderlaur og alt anna laur.

3. Ein rakar det saman med riva og legg det i sekk eller stakk (skjört) med hendene.

Det lauret vart svært sjeldan brukta til för, men til "underburd" i smalkhus og grisehus. Soleis er det i bruk "enno."